

Vedlegg nabovarsel - Følgerev

Olav Bergsvik

gbnr: 182/3

Vassbygdvegen 279

5912 Seim

+47 41267472

bergsvika@protonmail.com

30.10.2023

Til Nabo

Utgreiing av nabovarsel

Hei Nabo. Me sendar ut dette varslet fordi me har planar om å bygga ei mindre frittståande badstova. Tiltaket er i seg sjølv ikkje søknadspliktig, men me må søkje dispensasjon frå kommunedelplanen – LNFR, så då må me varsla; jf bygningslova § 19-1 jf. 21-3.

LNFR reguleringa har eit generelt byggeforbod mot tiltak som ikkje er knytt opp mot drifta på garden. Badstova me ynskjer å bygga er ikkje naudsynt for drifta, derfor må me søkja dispensasjon.

For å ivareta føremålet til LNFR reguleringa, som i grove trekk er å verne om landbruk og natur, har me prosjektert tiltaket med omsyn til akkurat dette. Sjå skildring av tiltaket under.

Det aktuelle tiltaket ligg innanfor nedslagsfeltet til drikkevasskjelda Storavatnet. Me har vore i dialog med avd. leiar for Miljø og Tilsyn, Eirik Berntsen og avd. leiar for Samferdsle, veg og VA; Arne Helgesen. Ingen av leiarane hadde merknad for tiltaket. Me legg for nabovarselet sin del ikkje ved dokumentert dialog med desse to avdelingane, men kan ved førespurnad av nabo framlegge dette.

- Badstua blir eit frittståande bygg, på under 15m².
- Skal byggjast på ein skånsam måte med små terrenginngrep.
 - For å ikkje påverka resipientane i området skal det ikkje støypast i grunn.
 - Bygget skal stå på ein bergknaus / steinrøys som ligg på staden.
- For at tiltaket ikkje skal påverke beitemark eller urørt natur, blir bygget plassert i grensa av beiteområde/utkanten av skogen. Ca 100 meter frå annan byggmasse på garden.
- Bygget skal ikkje ha innlagt vann eller avløp i røyr eller til terreng.
- Bygget skal ikkje vera egna/brukast til overnatting.
- Bygget skal ikkje påverke bekkar eller avrenning i terrenget.


Vedlegg nabovarsel - Følgebrev

Som sagt, sidan tiltaket ikkje i seg sjølv er søknadspliktig, er det ikkje lagt ved fasade eller planteikning. Men eit bilete er vedlagt under som eit utgangspunkt for utforming av tiltaket.

Helsing,

Olav Bergsvik.





300 meter *luftlinje* til Storavatnet.

Badstua skal plasserast
i dette område.